

Råd for bruk av sosiale medium i Bø kommune

Kva er så spesielt med sosiale medium?

Med sosiale medium har alle fått ein lett tilgjengeleg talarstol og mikrofon ut til verda på internett. Nyheiter og meiningar spreiest lynraskt. Dette har endra kommunikasjonsmønster og utfordra tradisjonelle informasjonskanalar og samarbeidsmåtar. Bruken av dei nye kommunikasjonsformene gjer det meir vanskeleg å skilje mellom privat og arbeidsrelatert kommunikasjon. Det er difor viktig å vere bevisst på om ein kommuniserer som privatperson eller som tilsett.

Kva er sosiale medium?

Sosiale medium er brukarstyrte nettsamfunn og verktøy for informasjonsspreiing, kommunikasjon og samarbeid. Dette sosiale medielandskapet er i stadig endring; kva for nettsamfunn er populære akkurat nå, og korleis dei blir bruka av dei ulike målgruppene? Nordmenn i alle generasjonar er særleg aktive brukarar. Dei mest kjende nettsamfunna er Facebook, Twitter, YouTube og Instagram.

Bø kommune og sosiale medium

Bø kommune skal vere deltakar i dette medielandskapet der mange av våre kollegaer, elevar, innbyggjarar og samarbeidspartnarar allereie er aktive. Vi brukar til dømes sosiale medium som kanal for informasjon og dialog. Våre medarbeidarar kan ha nytte av sosiale medium som arenaer for refleksjon, læring og utvikling på eigne fagområde. Tilsette i Bø kommune har rett og anledning til å uttale seg og delta i samfunnsdebatten, både som fagpersonar og som privatpersonar. Deltar du i debatten skal det gå klart fram om du uttaler deg som privatperson eller om det er på vegner av kommunen. Uttaler du deg som privatperson, er det viktig at du vurderer yringsfridomen opp mot lojaliteten til arbeidsgjevar.

Tips og råd

- Del og bruk kompetanse og ressursar
- Bygg nettverk regionalt, nasjonalt og internasjonalt
- Ver lærande – spør og diskuter
- Ver støttande – responder og gi godkjenning
- Lytt og lær av kollegaer
- Innhent gjerne råd til saker og prosjekt du jobbar med

Råd for tilsette

- Ver bevisst rolla di og kven du representerer
- Tenk deg om; korleis omtaler du elevar, føresette, kollegaer eller ditt nettverk
- Skaff deg erfaring med sosiale medium før du tar det i bruk i jobben
- Husk at det du seier, kan mange høyre
- Husk at det du seier, kan lett spreiest
- Sosiale medium skal ikkje brukast til saksbehandling
- Tilsette skal informere sin leiar om nettsamfunn dei brukar i jobbsamanheng. Skolen bør ha oversikt/lenkesamling over nettstader som blir produsert av skulens tilsette og elevar til skuleformål.
- Når du opprettar ei side eller ein konto, er du redaktør (moderator).
- Slett kontoar utan aktivitet
- Svare på innspel
- Ikkje legg ut bilde utan samtykke frå personane som er med
- Arkivlov og forskrift gjeld også for sosiale medium. Alle spørsmål sendt via sosiale medium som er gjenstand for saksbehandling, eller har verdi som dokumentasjon, skal journalførast.

- Innhald på sosiale medium er synlig for mange og kan lett delast, også frå lukka og private kontoar.
- Du bør ikkje legge ut innhald knytt til arbeidet ditt som du ikkje kan stå inne for
- Ver særleg observant på teieplikta og sensitive opplysningar
- Ikkje bruk same passord til sosiale medium som det du brukar til kommunens system
- I krisesituasjonar styrer informasjonsansvarleg all offisiell informasjon internt og eksternt, også kommunikasjon på sosiale medium

Spesielle råd til læraren, skulebibliotekaren, skuleleiaren

- Dersom du brukar sosiale medium som verkty til elevarbeid og elevdiskusjonar, tenk over om nettstaden skal vere open eller lukka på nettet. Ved tvil, avtal dette med elev og føresette.
- Lær elevane om nettetikk, god nettoppførsel og konstruktiv samhandling på sosiale medium
- Ver spesielt merksam på mobbing på nett
- Diskuter problemstillingar knytt til profesjonelle roller og relasjonar på sosiale medium, til dømes facebook-relasjonar mellom lærar/ elev og lærar/ føresette

Nasjonale føringar for bruk av sosiale medium

- Statens kommunikasjonspolitikk
- [KS veileder for sosiale medium](#)

Arkivreferanse:	Ansvarleg for dokumentet:	Siste dato for oppdatering
16/4053 - 5	Webansvarleg	11.01.17